

SØND!




DET NORSKE TEATRET

SØLVI OG HVORFOR OG HVORDAN



KVIFOR LAGE EINMANNSTEATER?

Nokon var vel skapt for akkurat det, og utvikla det til ein eigenarta kunstform, slik vår store Elisabeth Reiss gjorde det. Når det gjeld Sølvi er kanskje impulsen til denne soloframsyinga komen frå hennar ubendige arbeidskraft. Det er rett og slett ikkje lett for eit teater med eit normalt repertoar å fylle tida hennar, og sidan ho har spela både musical og revy og teater, ligg det nær å forsøke å gjere det heile åleine når ingen andre har tid.



Dette med arbeidskrafta er noko heilt spesielt. Sølvi kan få utlevert ein tekst ein ettermiddag. Ho et den i seg same kvelden og er neste morgon klar til å lage form på den, og instruktøren, som burde ligge føre i løypa med impulsar, kan ha nok med å henge på. Samtidig er ho når alt kjem til alt eit likeframt menneske, open og samarbeidsvillig. Derfor er det mange som har det som eg: vi gled oss når vi veit vi skal ha med Sølvi å gjere i arbeidet.

Barthold Halle

programredaksjon:
omsetjing:
foto:
trykk:

Svein Selvig/Haldis Hoaas
Anne Lise Myklebust
Sturlason
Torres Trykkeri, Oslo




SØLVI!

Ein musikalsk revy med SØLVI WANG
og orkester under leiing av
EGIL MONN IVERSEN

0159 148508

Regi: BARTHOLD HALLE
Scenografi: PER LEKANG
Repetitør: TOR HULTIN

Inspisient og turnéleiar: Arne Skog
Sufflør: Arna Hammersmark
Scene: Anders Grønvik
Lys: Gylmer Andersen



1. FØR OPNINGA
2. REVY-OPNING
3. BLYG

Barthold Halle
frå «Once upon a Mattress»
(omsett av Barthold Halle)
Hällström/Schanke/Næss
(omsett av Arnljot Eggen)

4. TELEFON-BOKSEN
5. MASOCHISTISK TANGO
6. COCKTAIL I AMBASSADEN
7. SONG OF NORWAY
8. SHERRY

Tom Lehrer
(omsett av Ivar Eskeland)
Barthold Halle
Alfred Næss
Kar de Mumma
(omsett av Arnljot Eggen)

9. EINSTONIG
10. ALKOHOL
11. STORBYEN

Barthold Halle
Sandro Key-Åberg
(omsett av Arnljot Eggen)
Alf Hartmann
(omsett av Arnljot Eggen)

12. VERANDAEN
13. GI DEG SJØLV FRED

Barthold Halle
Barthold Halle



I orkestret: Egil Monn Iversen (piano og orgel), Bernt Steen (trompet), Helge Hurum (fløyte og saksofon), Kjell Haugen (trombone), John Svendsen (slagverk) og Sture Janson (bass).

SOM PERLER PÅ EI SNOR



... har dei store rollene rulla inn over Sølvi Wang! Ein gong kjende vi henne «berre» som ein del av The Monn Keys, saman med Nora Brockstedt, Per Asplin, Arne Bendiksen og Oddvar Sanne. Nå er ho heile Norges ukrona showdronning! Ho er ein glitrande revy- og kabaretartist – ei storarta songarinne – seriøs skodespelarinne i stadig utvikling.



Sidan Sølvi Wang i 1963 vart tilsett på Det Norske Teatret, har vi kunna gle oss over songen og gjøg-largleda hennar gjennom ei lang rad store scene-skapnader. Det heile byrja med den norske musicalen «Trost i taklampa», deretter følgde hakk i hel tittelrolla i «Annie Get Your Gun», den engelske guvernanta Anna Leonowens i «The King an I», puertoricanejenta Anita i «West Side Story», og i den seinare tida Golde, mjølke-mannen Tevye si kone i kjempesuksessen «Spelemann på taket» og Agnes i ekteskapskomedien «Vi to! Vi to!»



Innimellom har ho òg spela «tale»-teater, som Eliza i Shaws «Pygmalion», fått Chaplin-prisen i Montreux for TV-programmet «That's entertainment», gjesta det vidkjende Ed Sullivan-showet i USA (det var m.a. Sullivan som lanserte The Beatles i Amerika!) og reist land og strand rundt saman med Leif Juster og mora folk med mini-revyen «Apropos det, ja!»



Vi er såleis både glade og stolte over å kunne presentere «SØLVI!»

